

Uttale frå Fyresdal ungdomsråd

Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032

Fyresdal ungdomsråd meiner planen har med seg mange gode tiltak, men har fylgjande merknadar:

Hovudsatsingsområde 4:

Dusj og garderober til Idrettshallen

Ungdomsrådet meiner det ikkje er naudsynt å prioritere dette no, det er tilstrekkeleg tilbod med dusj og garderober som kan nyttast i symjehallen.

Ungdomsrådet ynskjer og at ein skal prioritere å legge til rette for skiløyper, skileik og akebakkar sentrumsnært, og stimulere frivillige til å køyre opp løyper om det er mogleg.

Generelt er det viktig å prioritere fleire oppkjørte skiløyper i heile kommunen.